

OPPSTART AV BOMPENGEINNKREVJING – NORDHORDLANDSPAKKEN



Den 1. desember 2019 kl. 00:00 startar innkrevjinga av bompengar i Nordhordlandspakken.

Det skal krevjast inn bompengar i begge retningar i følgjande bomstasjonar: E39 Flatøy avkøyring mot Flatøy, E39 Flatøy påkøyring mot Bergen, E39 Flatøy Nord, E39 Mundalsberget og Fv. 57 Isdalstø.

Takstar for ordinære køyretøy i Nordhordlandspakken:

| | Takstgruppe 1 | Takstgruppe 2 |
|------------------------------|---------------|---------------|
| Full pris | Kr. 20,00 | Kr. 32,00 |
| Med AutoPASSavtale og brikke | Kr. 16,00 | Kr. 32,00 |
| Nullutsleppskøyretøy | Kr. 8,00 | Kr. 0,00 |

Takstgruppe 1 er køyretøy med tillatt totalvekt til og med 3 500 kg samt personbilar i køyretøykategori M1 med gyldig AutoPASS-avtale.

Takstgruppe 2 er køyretøy med tillatt totalvekt over 3 500 kg med unntak av personbilar i køyretøykategori M1 med gyldig AutoPASS-avtale.

PASSERING MED AUTOPASS:

Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får 20 % rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.

Nordhordlandspakken har ikkje egne avtalar/brikker, og passeringar vil bli belasta avtalen der kor du har fått brikka di i frå.

TIMESREGEL OG MÅNADSTAK FØRESET AUTOPASS

Ved gyldig AutoPASS-avtale og brikke betalar ein berre for ei passering i løpet av ein time, uansett om ein passerar fleire bomstasjonar i Nordhordlandspakken. Og ein betalar maksimalt for 50 passeringar per kalendermånad per køyretøy.

NULLUTSLEPPSKJØRETØY:

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får 50 % rabatt av ordinær bompengetakst etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 med gyldig avtale og brikke får 100 % rabatt av ordinær bompengetakst.

Dette er i tråd med Prop. 87 S (2017-2018) og lokalpolitiske vedtak.

FRITAK:

Det vert gjeve fritak ifølgje til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer.

Per i dag gjeld følgjande:

- Passasjerar i alle typer køyretøy
- Gåande og syklende
- Motorsyklar og moped - denne køyretøygruppen er i utgangspunktet ikkje friteke for bompengebetaling, men av praktiske årsaker er desse køyretøya pr. i dag friteke for bompengebetaling ved alle automatiske bomstasjonar.

Følgjande køyretøy kan etter søknad få fritak for betaling av bompengar:

- Kollektivtransport i rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Rørslehemma i bomringar (krev gyldig parkeringsløyve for rørslehemma)*

Fritaksordningar merka med * krev gyldig avtale og bruk av brikke.

Klage på takstvedtaket kan sendast til Samferdselsdepartementet innan 3 veker frå kunngjering. Klage kan sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller firmapost@vegvesen.no.

For meir informasjon: www.ferde.no

